

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 02.06.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 64-73/16.

ORIENTERINGAR

Dekningssjef **Bjørn Amundsen** i Telenor orienterte om strategi for mobildekning i distrikta.

Direktør **Oddmund Sylta** i Skyss orienterte om storkontrollar, sommarruter for buss og bane i Bergensområdet, kutt i produksjon av rutehefte og utfordringar på ferjestrekninga Kvanndal - Utne i samband med delvis stengd Måbøtunell.

Avdelingsdirektør **Olav Finne** frå Statens vegvesen orienterte m.a. om Deildo, status etter brannen i Måbøtunellen og status for den øydelagde vegen i Granvin.

SPØRSMÅL

Jon Askeland (Sp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Spørsmål vedk. tømmertransport.

Det blir hogge mykje tømmer i Hordaland, og tømmeret vert transportert ut frå hogstfelta med bil fram til kai/sagbruk. Uttransporten gjev ein del utfordringar på fylkesvegar med akseltrykkrestriksjonar. Av økonomiske årsaker er det ønskjeleg at tømmeret vert transportert med bil og hengar. Dette må det søkjast dispensasjon for på vegar med akseltrykkrestriksjonar. Her er kjernen i problemet: Tømmer er definert som delbart gods, og regelverket er pr. i dag slik at det ikkje vert gitt dispensasjon for tømmertransport åleine, men vegen må omklassifiserast, og opnast for alle typar delbart gods. Dette grunna heimel i forskrift om delbart gods.

Eg kjenner til at det også i fagmiljøa i Statens Vegvesen er dei som meiner at regelverket bør endrast slik at tømmer får særordning. Dette har støtte i at det i EU er lagt vekt på at tømmer er særeigent gods, som ikkje kan samanliknast med anna gods. Til skilnad frå anna type næringsverksemd, som gjerne vert plassert etter reguleringsplanar, så ligg tømmerkogen der den ligg, og hogsten av tømmer skjer i intervall på 70 - 100 år.

Senterpartiet si fylkestinggruppe ønskjer at forskrifta for delbart gods vert endra, slik at tømmertransport får den særordninga, som EU legg vekt på. Endring av forskrifta kan også sjåast på som del av tiltakspakke for ei skogbruksnæring i krise. Transport av tømmer er ein logistikkmessig flaskehals, og endra forskrift kan opna for klok regulering av køyretidspunkt (nattkøyning, unngå rushtid m.m.).

Senterpartiet ønskjer at Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune tek initiativ overfor næringsministeren og samferdsleministeren i å få endra forskrifta for delbart gods, slik at tømmertransport får særordning slik EU vektlegg, og som kan sjåast på som tiltakspakke for skogbruksnæringa.

Eg ber om administrasjonen si vurdering av problemstillinga eg har reist, og råd for korleis fylkeskommunen kan arbeida vidare med å sikra at det for tømmertransport kan søkjast dispensasjon for å køyra med bil og hengar på fylkesvegane.»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

Marthe Hammer (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Viser til vedtak gjort av fleirtal i fylkestinget i desember 2016 i kollektivstrategien:

«Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.»

Ber om status for plan for gjennomføring.»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«I planprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029, som vedtatt av fylkesutvalet i møte 29. januar 2016, er det lagt inn følgjande utgreiingsbehov; Utgreie plan for etablering av kollektivfelt på 4-felts innfartsårer. Vedtaket frå fylkestinget i desember 2016 vert altså følgt opp gjennom det pågåande arbeidet med RTP. Etter planen skal eit planforslag til RTP opp til politisk handsaming før høyring på nyåret 2017.»

Roald Kvamme (A) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Som kjent har byrådet gjort vedtak i 2. gangs høring om reguleringsplan for Sotrasambandet som utøser innsigelse fra Statens vegvesen. Slik jeg forstår det vil innsigelsen bli håndtert av fylkesmannen. I og med at denne saken skal løses innenfor knappe frister vil jeg be om at vi får en orientering om status i vårt møte i MISA. Er dette mulig å få til?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Statens vegvesen sendte 09.05.2016 reguleringsplanen for Sotrasambandet over til Bergen kommune for 2. gangs godkjenning. I oversendingsbrevet står det at
«Statens vegvesen legger til grunn at innføring av kollektivfelt behandles etter Vegtrafikkloven. Statens vegvesen har derfor innsigelse dersom det blir vedtatt at kollektivfelt på ny rv 555 skal reguleres etter Plan og bygningsloven.»

Fylkesmannen, som har ei rolle i å samordna statlege motsegner, skriv i brev til Statens vegvesen 09.05.2016:

«Fylkesmannen vurderer i denne saka at Statens vegvesen sine formuleringar i oversendinga må sjåast på som eit varsel om mogeleg motsegn, då det ikkje ligg føre eit planframlegg som inneheld dei løysingane motsegna rettar seg mot. Vi tek difor førebels SVV sitt brev til orientering.»

Byrådet har 20.05.2016 innstilt til møte i komité for miljø og byutvikling (KMBY) 02.06.2016 å avgje følgjande innstilling:

«I medhold av plan- og bygningslovens § 12-10, vedtar Bergen kommune forslag til reguleringsplan for Rv 555 Sambandet Sotra-Bergen, Fjell kommunegrense-Storavatnet, arealplanID 62990000, med følgende endring:

Kollektivfelt på ny firefelts veg innenfor Bergen kommune, som godkjent av Vegdirektoratet 20.02. 2015 etter fravikssøknad fra Statens vegvesen Region vest, innarbeides som del av reguleringsplanen. Kollektivfeltene vises i plankartet og innarbeides i planbestemmelsene.»

Det er varsla eit dialogmøte om saka hos fylkesmannen 3. juni, noko som truleg fører til at reguleringsplanen ikkje vert realitetshandsama i KMBY møtet 2. juni.

Vedtek bystyret innstillinga frå byrådet, vil det medføra ei justering av reguleringsplanen og ei ny avgrensa høyring til Statens vegvesen og andre relevante statlege og regionale styremakter. I ein slik avgrensa høyringsrunde kan Statens vegvesen eventuelt fremja den varsla motsegna. Om Statens vegvesen fremjar motsegn og kommunen ikkje tek omsyn til motsegna, skal det ordinært meklast mellom partane. Fylkesmannen meklar mellom kommunen og Statens vegvesen. Om

meklinga ikkje fører fram og kommunen vedtek den justerte reguleringsplanen, skal planen sendast til kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd.

Fylkesrådmannen sin kommentar

Fylkesutvalet har i uttalen sin til reguleringsplanen føresett ei offensiv kollektivprioritering, og lagt til grunn at gjennomgåande kollektivtrasé vert prioritert på strekninga Straume - Storavatnet frå første dag. Fylkesutvalet har tilrådd at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. Fylkesrådmannen stør difor byrådet sitt framlegg til endringar av reguleringsplanen.

Det er blitt stilt spørsmål om justeringa vil medføra forseinkingar i planlegginga. Planjusteringa er ikkje så stor og høyringa er avgrensa. Justeringa treng derfor ikkje å forseinka planprosessen. Verre er det om det vert fremja motsegn som endar hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd. Det er uvisst kor lang tid det tek for departementet å handsama saka. Men Sotrasamabandet er eit viktig nasjonalt prioritert prosjekt og justeringa er ikkje så stor, så ein må kunna forventta rask sakshandsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

Stein Inge Ryssdal (H) stilte slikt spørsmål:

«Bussholdeplassen Hop, sørgående, har samme avkjøring som vei til rundkjøring for Nesttuntunnelen. Dette fører til at bussen må stå lenge i kø for å slippe inn på holdeplass. Problemet kan også være andre steder på innfartsåren.

Kan Statens vegvesen se på muligheten for å bygge om slike avkjøringer eller andre måter å løse problemet?»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

Gustav Bahu (Frp) hadde sendt inn lenkje til oppslaget «Nå skal fergene på rett kjø!» i Namdalsavisa: http://mobil.namdalsavisa.no/nyhet/na-skal-fergene-pa-rett-kjol/s/1-75-5721344?ns_campaign=article&ns_mchannel=recommend_button&ns_source=facebook&ns_linkname=facebook&ns_fee=0

Bahu kommenterte at «denne blir delt av mange Austevollingar idag. Merk at ferja Herlaug, som dei fjerna i nord, no går i fast rute mellom Austevoll og Stord, og har gjort det sidan november.» Han bad om kommentar til situasjonen i Hordaland.

Administrasjonen vil kome attende med svar.

Gustav Bahu (Frp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Når vert sommar- og vinterkontraktane av vegvedlikehald lagt ut på anbod? Kva er retningslinene for tider for tildeling osv.? Nokre av tilbydarane meiner tida er for kort mellom tildeling og jobbstart.»

Avdelingsdirektør Olav Finne svarte at problematikken er kjend og at ein har ambisjonar om å lyse ut anboda tidlegare.